




LINDÅS KOMMUNE

«EIN GRUNNSKULE I UTVIKLING»

Strategisk plan 2014-2018



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Forord	3
Innleiing	3
Visjon og verdiar i Lindås kommune	4
Aktørar og oppgåver	5
Felles satsingsområde og lokale planar	8
Vurdering og klasseleiing	10
Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning	12
Grunnleggjande ferdigheiter	14
Ungdomstrinnet meir praktisk retta	16
Kvalitet - system, vurdering og utvikling	18

Forord

Skulen er ein møteplass der alle barn og unge skal få kunnskap og utvikle sine ferdigheiter, haldningar og verdiar. Skulen skal gi alle elevar utfordringar og oppleving av meistring, leggje grunnlaget for eit godt liv, vidare utdanning og aktiv deltaking i samfunnet og i arbeidslivet.

Grad av kvalitet i grunnskulen er nært knytt til korleis denne målsetjinga vert realisert for den enkelte elev.

I Lindås kommune har vi ambisjonar for elevane våre, samla og enkeltvis. Vi ynskjer kvar og ein ei god framtid. Denne strategiske planen skal synleggjere utfordringar, val og prioriteringar som er gjort i kommunen for å nå denne målsetjinga.

Vi ynskjer alle lukke til i arbeidet med å vidareutvikle ein god skule for kvar enkelt elev i Lindås kommune.

Lindås 15.06.2014

Ørjan Raknes Forthun
rådmann

Anne Wergeland
fagsjef grunnskule

Innleiing

Denne strategiske planen byggjer på nasjonal og lokal tilstand, utfordringar og målsetjing for samfunnsutviklinga generelt og grunnskuleopplæringa spesielt. Strategiplanen skildrar kommunen sine fire prioriterte satsingsområde for perioden 2014-2018. Desse skal prege alle grunnskulane i Lindås kommune i denne perioden. Det er eit mål at planen skal vere med på å vidareutvikle det grunnskulane i Lindås er gode på og samtidig identifisere felles utfordringar og lage ei retning for arbeidet med desse lokalt. Planen skal syne tydelege krav og forventningar til ulike aktørar i skulen. Kvart område er skildra med ei innleiing, målsetjing, suksessfaktorar, indikatorar på måloppnåing og vurderingsmetode.

Nasjonale og lokale hovudutfordringar

Grunnopplæringa i Noreg omfattar både grunnskulen og vidaregåande opplæring. Status for grunnopplæringa er skildra i Stortingsmelding nr. 20 (2012-2013) «På rett vei». Stortingsmeldinga peikar på fire hovudutfordringar i åra framover (Meld.St.20 Kap.3):

1. Betre læringsutbytte for alle
2. Høgare gjennomføring av vidaregåande opplæring
3. Meir relevante utdanningstilbod i vidaregåande opplæring
4. Inkludering, meistring og det breie samfunnsmandatet

Utsette barn og unge

Strategisk plan 2014-2018 Grunnskulen i Lindås

Svært mange barn og unge har ein kvardag prega av store og samansette problem. Talet (nasjonalt) på tiltak frå barnevernet har auka med 50% dei siste ti åra (KS-rapport 2011 «Saman for barn og unge»). Gruppa «Utsette barn og unge» blir definert som «Barn og unge som ved tilbaketrekking, utagering, rusmisbruk eller på andre måter viser ved sin oppførsel at de har behov for samordnet bistand frå helsetjenesten, sosialtjenesten og barnevernet, samt barn som har behov for samordnet bistand på grunn av foreldrenes atferd eller situasjon» (Statens helsetilsyn i rapport 5/2009). Lindås kommune har sidan hausten 2012 vore med i eit tverrsektorielt prosjekt i regi av KS. Hovudmålet for prosjektet er:

1. Barn og unge i Lindås skal til ei kvar tid få den hjelpa dei har behov for
2. Tilsette i Lindås kommune veit kor dei finn informasjon om rutinar og oppfølging av utsette barn og unge

Prosjektet vert avslutta frå KS si side i løpet av 2014. Ein kommunal samhandlingsanalyse ligg da føre. Analysen skal følgjast opp med utvikling av ein tverrfagleg plan for utsette barn og unge i Lindås.

Opplæringslova kap.9a om elevane sitt skulemiljø slår fast at «alle elevar her rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring» (§9a-1). Elevundersøkinga er ein indikator på elevane si oppleving av skulemiljøet sitt. Skuleadministrasjonen og skulane i Lindås har saman utarbeidd lokale retningslinjer for arbeidet med skulemiljøet. Arbeidet skal følgjast opp i perioden.

«Tilstandsrapport 2012-2013 for grunnskulen i Lindås» og informasjon elles frå skulane, syner at skulane i Lindås er svært opptekne av elevane sitt læringsmiljø og læringsresultat. Det vert lagt ned stor innsats i arbeidet med å leggje til rette for at kvar enkelt elev skal få høve til å lære og utvikle seg i tråd med evner og føresetnadar. Dei siste 5-6 åra har kommunen og skulane prioritert utvikling av ein god vurderingspraksis. Analyse av elevane sine svar i «Elevundersøkinga» syner at denne innsatsen har gitt resultat. Fleire elevar samanlikna med tidlegare år, uttrykkjer no at dei er motiverte for skulearbeidet, at dei trivst saman med lærarane og får god fagleg støtte i sitt eige læringsarbeid. Dette gode arbeidet ser vi som viktig å halde fast på og vidareutvikle. Klasseleing og elevvurdering er eit av dei prioriterte hovudområda i perioden. Læringsresultat i Lindås syner at det er ei utfordring for vår kommune som for landet elles, at det er store skilnadar mellom skulane og på den enkelte skule frå år til år. Lindås kommune har fleire små skular. Det er derfor viktig å ta med at svakt resultat for enkeltelevar på små skular gir større utslag enn på store skular. Læringsresultat er også prioritert i perioden gjennom hovudområda «Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning» og «Grunnleggjande ferdigheiter».

Skuleeigar: I KS sin rapport «Kom nærmere» frå FOU-prosjektet «*Hvordan lykkes som skoleeier? Om kommuner og fylkeskommuners arbeid for å øke elevenes læringsutbytte*», peikar på at det er særskilt viktig med ein tett dialog og godt samarbeid mellom dei styrande organ og dei som vert styrte; mellom skuleeigar, kommunal administrasjon og skulane. «Tettare på» er ein ambisjon i Lindås kommune i strategiperioden.

Visjon og verdier i Lindås kommune

I juni 2009 vedtok kommunestyret i Lindås ein ny visjon – **«Der draumar blir røyndom»**. Vi fekk ein visjon å strekkje oss etter, som forpliktar og som vi skal arbeide aktivt med. Visjonen byggjer på

sentrale verdier i organisasjonen - framtidsretta, inkluderande, kvalitetsbevisst og tenestevillig. Vi skal stadig bli betre i møte med innbyggjarane og brukarane av dei ulike kommunale tenestene.

Ein framtidsretta skule tek innover seg at samfunnet rundt oss er i stadig endring. Auka trykk på og krav om betre læringsarbeid i skulen må få konsekvensar for viktige val som blir tatt. Det gjeld krav til kompetanse, bruk av digitale hjelpemiddel, elevar som lever i ei "elektronisk verd". Endringane får konsekvensar for både målsetjingar og innhald i skulen. Digitale ferdigheiter er ein av dei fem ferdigheitene som er grunnleggjande for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv.

Ein inkluderande skule er ein god skule for alle elevar uavhengig av evner, føresetnader og kulturell bakgrunn. Ein inkluderande skule legg vekt på å gje alle elevar ein god oppvekst der tryggleik, trivsel, læring og utvikling står sentralt. Alle skal føle seg verdsett og ivaretekne. Ein inkluderande skule vektlegg samarbeid internt, med foreldre og med andre fagetatar. Ved å satse på styrking av ordinær opplæring, ynskjer vi å gjere den ordinære opplæringa meir romsleg og inkluderande slik at fleire elevar kan oppleve meistring og trivsel innafør ramma av den klassen dei høyrer til.

Ein kvalitetsbevisst skule set seg høge mål og arbeider aktivt for å nå måla. Skulen kjenner sin eigen styrke og utfordringar, evner å nytte tilgjengelege ressursar best mogeleg, gjer mål om til handling og evaluerer systematisk si eiga utvikling. Vurdering av elevane si læring og utvikling, og skulen si utvikling, er det sentrale i arbeidet vårt med «Kvalitetsvurdering i skulen» (KIS). Vurderingspraksisen i klasserommet skal vere i samsvar med dei prinsippa ein veit verkar positivt på læring. Skulen som lærande organisasjon er tett knytt til lærarane, skuleleiarane og skuleeigar sin dialog og refleksjon om læringsarbeidet.

Ein tenestevillig skule kjenner skulen sitt oppdrag og har høg bevisstheit om dette i møte med elevar og foreldre. Skulen skal ivareta elevane sine behov og rettar på ein måte som kjennest godt for dei og foreldra deira. Å vere positiv og imøtekomande er eit godt kjenneteikn på ein tenestevillig skule. Samarbeid med elevar og foreldre om læringsmiljø og læringsarbeid, skal tydeleggjerast innanfor dei fire satsingsområda våre.

Aktørar og oppgåver

Om ein skal lukkast i arbeidet med grunnopplæringa for kvar enkelt elev, må ein sikra eit godt samarbeid og god kommunikasjon mellom alle aktørar i skulen. Samarbeid mellom skule og heim er særleg viktig.

§ 1-1. Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.....

Denne planen er meint som retningsgivande for alle aktørane – skuleeigar, skuleadministrasjon, skuleleiarar, lærarar, fagarbeidarar/ assistentar og foreldre/føresette. Eit aktivt og felles medansvar er nødvendig for elevane si læring og utvikling.

Krav og forventningar

Opplæringslova § 13-10 slår fast at kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige

for at krava skal kunne oppfyllest. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.

Skuleeigar

Kommunestyret er skuleeigar og har det øvste ansvaret for at lov- og regelverk vert følgd.

I mai 2012 hadde kommunestyret i Lindås ein fagdag om skuleeigarskap der det vart gjort følgjande vedtak: «*Kommunestyret i Lindås skal vere ein skuleeigar som synleg og aktivt er med på å utvikle ein framtidsretta, inkluderande, kvalitetsbevisst og tenestevillig grunnskule. Kommunestyret skal ha eit bevisst og overordna ansvar for å sikre kvalitet i grunnskulen.*» Politikarane er avhengige av god informasjon, innsikt og kunnskap om opplæringa som grunnlag for politiske vedtak.

Dei folkevalde skal:

- sette ambisiøse, men og realistiske mål for opplæringa
- sjå til at det er ein samanheng mellom kommunedelplan skule, økonomiplan og strategiplan
- sikre nødvendige og føreseielege rammevilkår

Kommunal skuleadministrasjon (rådmannen)

Den kommunale skuleadministrasjonen skal sikre at gjeldande lov- og regelverk vert ivareteken på eit forsvarleg vis (Opplæringslova §13-10)

Skuleadministrasjonen skal:

- Vere eit bindeledd mellom skuleeigar og skulane.
- Omsetje politiske vedtak til praktisk handling på skulane
- Sikre ein god dialog mellom dei ulike nivå i kommunen
- Sikre «kvalitet i kvalitetsarbeidet» i kommunen og på skulane
- Bidra til profesjonsutvikling i organisasjonen – capacity building
- Analysere kompetansebehov, planleggje og setje i verk kompetansehevande tiltak på kommunenivå
- Bidra til eit godt tverrfagleg samarbeid i kommunen

Skuleleiar:

Opplæringa i skulen skal leiast av rektor. Rektor skal halde seg fortruleg med den daglege verksemda og arbeidet for å vidareutvikle verksemda (Opplæringslova §9-1)

Rektor skal:

- Etablere gode rådsorgan som sikrar medverknad frå og samarbeid med elevar, foreldre, lærarar og andre tilsette
- Etablere system på eigen skule for å nå nasjonale og kommunale mål
- Sikre jamleg evaluering av kvalitet på eigen skule; samle inn relevante data/informasjon, reflektere og drøfte status, setje mål, lage plan, prøve ut tiltak og evaluere effekt – kollektiv profesjonsutvikling
- Analysere kompetansebehov, planleggje og setje i verk kollektive og individuelle kompetansehevande tiltak på skulen
- Etablere god administrativ og økonomisk styring

Strategisk plan 2014-2018 Grunnskulen i Lindås

Lærer:

Det viktigaste læringsarbeidet skjer i klasserommet. Opplæringa er avhengig av høg kvalitet hos læraren. Gode lærarar har god relasjonskompetanse, er gode klasseleiarar og har høg fagleg og fagdidaktisk kompetanse.

Lærer skal:

- Skape god kontakt og samhandling mellom elevane og mellom lærar og elev
- Nytte dei fire prinsippa for god elevvurdering (sjå side 10)
- Leie klassar, grupper og enkeltelevar på ein strukturert, venleg og tydeleg måte
- Vidareutvikle sin faglege og fagdidaktiske kompetanse i eit profesjonelt fellesskap på skulen
- Samarbeide godt med heimane

Fagarbeidar/ assistent:

Fagarbeidarane/assistentane har ei viktig rolle i skulen. Dei er ofte nær elevane både i praktisk og teoretisk arbeid. Dei leier og har ansvar for tida i SFO og på lekselesing.

Fagarbeidar/ assistent skal:

- Skape god kontakt og samhandling mellom elevar og mellom vaksne og elevar
- Ha ei læringsstøttande rolle i klassen og på skulen
- Leie grupper og einskildelevar på ein strukturert, venleg og tydeleg måte

Foreldre/føresette:

Foreldre og føresette har hovudansvaret for eigne barn, og dei har stor innverknad på motivasjonen og læringsutbyttet deira.

Foreldre/føresette skal:

- Formidle ei positiv haldning til skulen
- Støtte eleven i læringsarbeidet gjennom å stille tydelege krav og forventningar
- Delta på foreldremøte og i samtalar om eleven si utvikling
- Delta i utvikling av eit sosialt fellesskap på skulen og i klassen
- Ta del i skulen sine rådsorgan

Felles satsingsområde og lokale planar

Satsingsområda i Strategiplanen for skule 2014-2018 er:

1. Vurdering og klasseleiing
2. Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning
3. Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter
4. Ungdomstrinnet meir praktisk retta


I tillegg til desse områda, kan skulane velje eit eige, blant anna for å utvikle sin eigen skuleprofil og for å ivareta lokalt initiativ, nyskaping og glød. Det er samarbeidsutvalet ved den einkilde skule som vedtek skulen sitt eige satsingsområdet.

Alle skulane er forplikta til å arbeide etter læreplanen for Kunnskapsløftet og å fokusere spesielt på satsingsområda i Strategiplanen for skule 2014-2018.

Skulane skal utarbeide lokale verksemdsplanar kvart år som synleggjer kva skulen har prioritert. Planen skal syne tiltak, tidsramme/periode for utprøving og evalueringsprosess.

Kommunen vil leggje opp til møter, kurs og plangruppesamlingar knytt opp mot dei fire sentrale satsingsområda. Resultat innafor desse områda vil også bli etterspurt årleg. Økonomisk støtte til etter- og vidareutdanning vil bli prioritert i forhold til satsingsområda. Skuleleiarane skal ta del i leiarutvikling og/eller kompetansehevande tiltak innafor satsingsområda i planen og skuleleiing generelt.

I arbeidet vil Skandsen, Wærness, Lindvig 2011 sin modell vere til hjelp og skulen må utifrå analysearbeid prioriterer skulen sine tiltak i eigen verksemdsplan.



Modellen skildrar dei ulike fasane ein må **arbeide med** for å få til endring inne i ein organisasjon. Den gjev ei bevisstgjerung om kor ein står i dag, kva ein ønskjer å gjere (**definering**) og kva for tiltak som må settast i gang, kva kompetanse har vi i personalet og ikkje minst at ein må trene ei stund (**utprøving**) før ein evaluerer eigne tiltak, og at ein må gjere endringar og analysere tiltaka undervegs i arbeidet sitt. (**evaluering**). Like viktig som evalueringa er korrigerung av systemet på drift før ein finn system som ein arbeidar etter. (**drift**)

Kompetansen ein skaffar seg må ein gjere i fellesskap om det skal bli ei varig endring i organisasjonen. Ein organisasjon som klarer å gjere ny kunnskap til fellesskapets kunnskap, kallar vi ein lærande organisasjon (Knut Roald)

Vurdering og klasseleiing

Satsingsområdet vurdering og klasseleiing handlar om vurderingspraksisen på skulen, der i blant tilbakemeldingar til elevar og foreldre og tilbakemeldingar til tilsette og leiarar. Men det handlar også om leiing av læringsarbeidet og utvikling av godt læringsmiljø i kvar klasse og på heile skulen. Eit godt læringsmiljø fremjar trivsel og motivasjon og er ein føresetnad for eit godt læringsutbytte.

Eleven si læring er uløysleg knytt opp mot læraren si rettleiing av og tilrettelegging for kvar einskild og for gruppa. For å kunne rettleie og tilpasse, må vurderingspraksisen i klasserommet vere i samsvar med dei prinsippa ein veit verkar positivt på læring. Skulane i Lindås har arbeidd med dette i dei siste åra og legg desse kjente prinsippa til grunn:

Elevar lærer best når:

- Dei forstår kva dei skal lære og kva som er venta av dei
- Dei får tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på eige arbeid og prestasjon
- Dei får råd om korleis dei kan bli betre
- Dei er involverte i eige læringsarbeid og får vurdere eige arbeid og eiga utvikling
- Foreldre og lærarar saman støttar opp om elevane sitt læringsmiljø

God vurderingspraksis stiller krav til lærarane, men også til skuleleiarar og skuleeigar.

Krava gjeld kompetanse hjå dei tilsette og fokus på god vurderingspraksis som fremjar læring frå skuleleiarar og skuleeigar. For å utvikle praksisen slik at ein lukkast med dei ulike elevane og gruppene, er systematisk refleksjon kring eigen praksis avgjerande. Ein slik refleksjon vil blant anna ta utgangspunkt i resultat frå kartleggingar, brukarundersøkingar og resultat av ulike undervisningsopplegg. Både tilsette, foreldre og elevar bør involverast i refleksjonsprosessane. Skulevandring og trinnsamtalar mellom lærarar og leiing er metodar som kan vera grunnlag for refleksjon over gjeldande praksis og vidareutvikling av skulen som organisasjon. Denne refleksjonen vert etterspurt i skuleeigar sine kvalitetsbesøk og blir med som grunnlag for tilstandsrapporten til kommunestyret.

God vurderingspraksis er likevel ikkje nok. Eit godt læringsmiljø krev også god klasseleiing og god skuleleiing der det er positive relasjonar mellom lærarar og elevar og elevane imellom. Alle må kjenne seg trygge og trivast. Klare reglar, gode og føreseielege strukturar, likeverdig og korrekt handsaming av enkeltsaker og forventningar om positiv og konstruktive åtferd, er element i god klasseleiing og bærebjelkar i eit godt læringsmiljø.

Målsetjing

- Vurderingsarbeidet i skulane i Lindås fremjar læring, lærelyst og motivasjon hjå elevane.
- Lærarar i Lindås driv tydeleg og proaktiv klasseleiing som skaper eit godt læringsmiljø der alle er positivt involvert.

Viktige suksessfaktorar

- Eleven kjenner reglane og strukturane i klassen og på skulen og blir møtt med positive forventningar
- Eleven veit og forstår kva han/ho skal lære, kva som vert vektlagt i vurderinga og kva krava er på ulike kompetansenivå og når det gjeld orden og åtferd
- Eleven får trene på å vurdere kvaliteten av eige arbeid og på om mål er nådd
- Eleven får presise, faglege tilbakemeldingar på eige arbeid og annan utvikling og tek i mot rettleiing for å bli betre
- Foreldra kjenner eleven og foreldra sine plikter etter opplæringslova, formidlar ei positiv haldning til skulen og skulearbeidet, og deltek aktivt i skule – heim samarbeidet
- Foreldre og skule har avklara ansvarsområde og forventningar til kvarandre
- Foreldra veit kva som vert vektlagt i vurderinga og kva krava er på ulike kompetansenivå, også når det gjeld orden og åtferd
- Dei tilsette har god relasjonskompetanse og kan skape kontakt og samhandling mellom vaksne og elevar
- Dei tilsette formidlar tydelege krav og forventningar til elevane og brukar positive tilbakemeldingar for å fremje vekst og fagleg utvikling
- Læraren leier klassen på ein strukturert, vennleg og tydeleg måte
- Læraren samarbeider med foreldra for å støtte læringsarbeidet
- Læraren har god vurderingskompetanse
- Skuleleiar kjenner praksis i klassar og på trinn
- Skuleleiar støtter dei tilsette og gjev tilbakemelding på utført arbeid
- Skuleleiar sikrar at resultat vert brukt systematisk til vidareutvikling av pedagogisk praksis – både individuelt, på team eller trinn
- Skuleeigar etterspør og sikrar kompetanseutvikling

Indikatorar på måloppnåing

- Resultat på relevante spørsmål i elevundersøkinga for 7. og 10 trinn
- Resultat på relevante spørsmål i foreldreundersøkinga
- Resultat på relevante spørsmål i lærarundersøkinga

Vurderingsmetodar

- Analyse og vurdering av indikatorane
- Refleksjon og eigenvurdering med tilbakemelding til skuleeigar
- Synleggjering og dokumentasjon av system og praksis overfor skuleeigar

Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning

Behov for spesialundervisning er ikkje berre avhengig av elevane sine eigenskapar, men også av kor godt vi klarer å tilpasse den ordinære opplæringa til elevane sine behov. I Noreg er talet på elevar som får spesialundervisning aukande, og talet aukar mest ved auka alder.

Forskning har vist at kvaliteten på spesialundervisninga som vert gitt i Noreg er varierende og at læringsutbyttet av spesialundervisning er mindre enn innsatsen skulle tilseie.

Situasjonen i Lindås er i samsvar med det som er beskrive i landet elles.

Ved å satse på styrking av ordinær opplæring, ynskjer vi å gjere den ordinære opplæringa meir romsleg og inkluderande slik at fleire elevar kan oppleve meistring og trivsel innafør ramma av den klassen dei høyrer til. Hovudkonklusjonen i NOU 2009: Rett til læring var: *..- at forbedringer av de almenne ordningene er det viktigste grepet overfor barn, unge og voksne med særskilte behov.*

Å tilpasse opplæringa i ein mangfaldig samansett klasse eller gruppe, er krevjande for lærarane. Dei må skape ein balanse mellom evnene og føresetnadene til den einskilde elev og fellesskapet. Dei må vere dyktige klasseleiarar og ha kompetanse, evne og vilje til å skape læringsmiljø med varierte arbeidsoppgåver, lærestoff, arbeidsmåtar og organisering.

Elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av slik god, variert og tilpassa opplæring, har rett til spesialundervisning. Retten deira til å høyre til i eit sosialt fellesskap, er den same som for andre elevar, og for stor bruk av eineundervisning gjev ikkje ønska resultat verken når det gjeld motivasjon eller læringsresultat. Sjølv ved åtferdsvanskar, når vedtak om spesialundervisning er for å betra eleven sin sosiale kompetanse, heng læringsresultatet saman med det å få delta i eit fellesskap, kjenne at ein høyrer til, få vere nær nokon og ha venner.

Skulane må derfor arbeide systematisk med både sosial og fagleg kompetanse. Elevar som strevar fagleg eller sosialt, skal få hjelp så tidleg som mogeleg. Dei nasjonale kartleggiingsprøvene på 1.-4.trinn vil saman med lokal kunnskap om den enkelte elev, vere verktøy for å fange opp elevar som treng forsterka oppfølging i lesing og rekning tidleg.

Frå 2014 skal kvar skule ha eit ressursteam som har ei viktig rolle i forhold til å leggje til rette undervisninga. Saman med PPT har ressursteamet eit spesielt ansvar for foreslå justeringar og rettleie lærarar til endringar i tilpassa opplæring for klassen/gruppa/einskildelevar.

Målsetjing

- Skulane i Lindås har høg kvalitet på den ordinære opplæringa og på spesialundervisninga.
- Elevar i Lindås opplever meistring og får utvikle sine evner og talent gjennom godt tilpassa undervisning frå 1. klasse.
- I løpet av perioden 2014-2018 er det nedgang i talet på elevar med særskilde behov på ungdomssteget, og det er etablert same førebyggjande systemarbeid mellom skule og PPT for alle skular.

Viktige suksessfaktorar

- Elevar opplever trivsel, fellesskap og tryggleik kvar dag på skulen
- Elevane lærer om korleis dei sjølv lærer best, opplever meistring og får brukt sine sterke sider for læring så ofte som råd er.
- Elevar som har spesialundervisning lærer og er motiverte
- Foreldre har tydelege forventningar til borna sine og følgjer opp og samarbeider med skulen om eleven sitt læringsarbeid
- Foreldra får informasjon om eleven si faglege og sosiale utvikling i forhold til måla og om korleis heimen kan fremje eleven si utvikling
- Dei tilsette har positive relasjonar til elevane og gir emosjonell støtte til den einskilde
- Dei tilsette har god og rett kompetanse i høve til oppgåvene dei har med elevane både i klassen og i spesialundervisninga.
- Dei tilsette samarbeider godt til dagen om god utnytting av ressursar og kompetanse
- Læraren planlegg undervisninga slik at den einskilde elev får utfordringar på sitt nivå
- Læraren gjev god undervegsvurdering og variert tilpassa opplæring ut frå vurderinga
- Skuleleiar syter for at det er eit godt fungerande ressursteam på skulen som arbeider systematisk og strukturert både internt og saman med PPT, foreldre og hjelpetenestene
- Skuleeigar skaper faglege nettverk og gode strukturar for samarbeid mellom skulane, PPT og andre hjelpetenester

Indikatorar på måloppnåing

- Resultat på kartleggingsprøver 1.-4.trinn
- Resultat på relevante spørsmål i elevundersøkinga på 7. og 10. trinn
- Resultat på relevante spørsmål i foreldreundersøkinga
- Prosent elevar med spesialundervisning på ulike trinn
- Læringsresultat på nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn
- Karakterresultat

Vurderingsmetodar

- Analyse og vurdering av indikatorane
- Eigenvurdering og refleksjon med tilbakemelding til skuleeigar
- Synleggjering og dokumentasjon av system og praksis overfor skuleeigar

Grunnleggjande ferdigheiter

Kunnskapsløftet definerer fem ferdigheiter som er grunnleggjande for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. Det er digitale ferdigheiter, munnlege ferdigheiter, å kunne lese, å kunne rekne, og å kunne skrive. Ferdigheitene må lærast og utviklast parallelt med fagkompetansen i dei ulike faga fordi dei er både ein del av reiskapen for å meistre faget, ein del av kompetansen i faget og viktige for å kunne uttrykkje kompetansen ein har. Satsing på dei grunnleggjande ferdigheitene er derfor like viktig på 10. trinn som på 1. trinn og opplæringa er ein del av arbeidet til alle lærarar.

Minoritetsspråklege elevar i grunnskulen har rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova §2-8. Oppfyljing av lovkrava er sentrale verkemiddel for integrering av minoritetsspråklege elevar i norsk skule. Det er viktig for elevane si opplæring at dei snarast mogleg får tilstrekkeleg kompetanse til å følgje den ordinære opplæringa i skulen. Effektiv undervisning føreset god kjennskap til eleven sin kompetanse og utvikling. Det er difor viktig at det blir etablert gode rutinar for kartlegging både før og undervegs i opplæringa. Skulane i Lindås skal ha god kjennskap til og følgje kommunen sine retningslinjer for opplæring av minoritetsspråklege elevar.

Skulane i Lindås skal gjennomføre både dei obligatoriske og dei frivillige kartleggingsprøvene 1.- 4. trinn kvar vår. Målet med kartleggingsprøvene er å finne kva elevar som treng ekstra fagleg oppfølging. Resultata frå prøvene gir informasjon om kva elevar som ligg rundt eller under ei definert grense for bekymring, slik at skulen kan tilpasse og styrkje opplæringa si ut frå dette. Elevane skal også vera med på vurdering og analyse av eigen kompetanse slik den kjem fram på prøvane.

Vurdering av elevane sin grunnleggjande kompetanse i lesing og rekning, vert kvart år målt i nasjonale prøver på 5., 8. og 9.trinn.

I Lindås kommune ynskjer vi å sikre og betre læringsresultata til elevane når det gjeld grunnleggjande ferdigheiter. Kommunen sette hausten 2013 igang implementering av LeseLos som verktøy for systematisk oppfølging av den einskilde elev si leseutvikling. Skuleeigar skal leggje til rette for at arbeidet heldt fram.

I planperioden vert det også høve til å prioritere andre grunnleggjande ferdigheiter. Den einskilde skule veit gjennom sine analyser kva som er deira sterke og svake sider når det gjeld utvikling av grunnleggjande ferdigheiter, og må arbeide for at lærarane i alle fag tek sin del av ansvaret for god opplæring i lesing, skriving, rekning, bruk av digitale hjelpemiddel og i munnleg bruk av språket vårt.

Målsetjing

- I Lindås utviklar elevane i løpet av den tiårige grunnskulen gode grunnleggjande ferdigheiter som fungerer som hensiktsmessige reiskapar for læring og for å kunne vise kompetanse
- Minoritetsspråklege elevar skal snarast mogleg få tilstrekkeleg kompetanse til å følgje den ordinære opplæringa i skulen

Viktige suksessfaktorar

- Eleven kan ta utgangspunkt i egne erfaringar og kunnskapar i læringa
- Elevane får utfordringar og oppgåver som gir dei meistringsopplevingar
- Foreldra har tydelege forventningar til borna sine og følgjer opp og samarbeider med skulen om eleven sitt læringsarbeid.
- Foreldra deltek aktivt i skule – heim samarbeidet
- Foreldra til minoritetsspråklege elevar får god informasjon om elevane sine rettar
- Lærar integrerer opplæring i dei grunnleggjande ferdigheitene i faget bevisst og systematisk
- Lærar samarbeider med lærarar i andre fag og med foreldra om tilpassingar og utfordringar til elevar
- Lærar følgjer opp læringsresultata til den einskilde elev og tilpassar undervisninga ut frå det
- Lærar har god kunnskap om minoritetsspråklege elevar si språkutvikling
- Skuleleiar legg til rette for drøfting og oppfølging av resultat på nasjonale prøver og kartleggingar, av den einskilde lærar, i ressursteam, med PPT og internt på skulen
- Skuleleiar spør etter arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i fag og på trinn i interne fora
- Skuleleiar kjenner og praktiserer forvaltningskrava knytt til minoritetsspråklege elevar sin rett til særskild språkopplæring
- Skuleeigar ser til at minoritetsspråklege elevar får oppfylt retten sin til særskild språkopplæring
- Skuleeigar sikrar ein god dialog mellom nivåa i samband med kvalitetssamtalane/skulebesøk

Indikatorar på måloppnåing

- Resultat på nasjonale prøver for 5., 8. og 9. trinn
- Resultat på kartleggingsprøvene på 1., 2., 3. og 4.trinn
- Resultat på relevante spørsmål i foreldreundersøkinga
- Minoritetsspråklege elevar si utvikling av språkkompetanse i grunnleggjande norsk

Vurderingsmetodar

- Analyse og vurdering av indikatorane
- Refleksjon og eigenvurdering med tilbakemelding til skuleeigar
- Synleggjering og dokumentasjon av system og praksis overfor skuleeigar

Ungdomstrinnet meir praktisk retta

Stortingsmeldinga Motivasjon – Mestring – Muligheter (meld. St. 22 2010-2011) gjev tydelege signal om at ungdomsskulane må endrast til å gi eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande tilbod for å oppnå gode læringsresultat hjå alle elevar. Hovudmålet er å hindre fråfall i vidaregåande skule og såleis ruste dei unge til å ta sin plass i arbeidsliv og samfunnsliv i Noreg i framtida.

Ungdomsskulen frå dei siste tiåra har prioritert undervisning og læringsstrategiar tilpassa dei teoretisk sterke. Men samfunnet treng ikkje berre fleire akademikarar, landet kjem også til å mangle arbeidskraft med fagbrev, og det er innafor dei yrkesfaglege studieretningane fråfallet i vidaregåande er størst.

Statistikk og forskning viser at motivasjonen for læring er lågast på ungdomstrinnet. Mange elevar opplever skulekvardagen som monoton og kjedeleg.

Ungdomsskulen må derfor framheve eit breiare kunnskapssyn enn før. Praktisk kunnskap og praktiske ferdigheiter må verte vektlagt og introdusert som likeverdig med det teoretiske, og det må bli større variasjon i metodar og innfallsvinklar.

Innføring av valfag og arbeidslivsfag er del av satsinga for å fremje praktisk læring. Men ein må tenkje både praktisering og teoretisering i alle fag, og målet for det ein skal lære må gjerast så klar at læringa blir meningsfull og relevant for elevane sitt liv.

Omlegginga er ei grunnleggjande endring i tenkje- og arbeidsmåtar for dei tilsette. I løpet av perioden vil personalet på ungdomsskulane ta del i ei statleg satsing på kompetanseheving. Prioriterte satsingsområde frå sentralt hald er klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Lindås kommune skal delta i denne satsinga frå hausten 2014

Målsetjing

- Alle elevar i Lindås skal inkluderast og oppleve meistring
- Alle elevar i Lindås skal ha gode grunnleggjande ferdigheiter
- Alle elevar i Lindås skal fullføre vidaregåande opplæring

Viktige suksessfaktorar

- Eleven løyser oppgåver som er praktiske og som han/ho opplever har relevans.
- Eleven får bruke sine streke sider i læringsarbeidet på skulen
- Eleven trivst både fagleg og sosialt og er motivert for læringsarbeidet
- Foreldra har tydelege forventningar til borna sine og følgjer opp og samarbeider med skulen om eleven sitt læringsarbeid.
- Foreldra deltek aktivt i skule – heim samarbeidet
- Dei tilsette har positive relasjonar til elevane og kjenner dei sterke sidene til den einskilde
- Dei tilsette samarbeider, deler kunnskap og reflekterer kring kva som lukkast best overfor elevgruppa dei underviser
- Lærarane si undervisning er målretta, praktisk og variert
- Lærarane har god kompetanse i klasseleiing og rettleiing av elevar
- Lærarane skaper motivasjon ved å bruke arbeidsmåtar og reiskap som er del av ungdomskulturen
- Skuleleiar legg til rette for systematisk samarbeid om elevar, grupper, klassar og trinn
- Skuleleiar legg til rette for at valfaga og arbeidslivsfaget vert vellukka og motiverande fag for elevane.
- Skuleleiar gjev rom for nye, og for elevane relevante og motiverande oppgåver, læringsmåtar og aktivitetar
- Skuleeigar legg til rette for samarbeid og kompetanseheving

Indikatorar på måloppnåing

- Grunnskulepoeng (standpunktkarakter og eksamenskarakter i fag og i orden og åtferd)
- Resultat på elevundersøkinga
- Resultat på foreldreundersøkinga

Vurderingsmetodar

- Analyse og vurdering av indikatorane
- Refleksjon og eigenvurdering med tilbakemelding til skuleeigar
- Synleggjering og dokumentasjon av system og praksis overfor skuleeigar

Kvalitet - system, vurdering og utvikling

Forskning syner at høgt presterande skular er kjenneteikna av at personalet som kollektiv er i kontinuerleg utvikling (Hargreaves & Fullan: Professional Capital). Lindås kommune har ambisjon om god kvalitetsvurdering i profesjonelle fellesskap.

Dei fire satsingsområda i denne planen er skildra gjennom ei kort innleiing, målsetjing, suksessfaktorar, indikatorar på måloppnåing og vurderingsmetode. Vidare utvikling vert følgd gjennom resultat på sentrale prøver (teljing) og vurdering av denne og annan informasjon om elevane si utvikling (forteljing).

System for oppfølging av kvalitetsarbeidet i grunnskulen i Lindås er bygd opp kring:


1. Lov, regelverk og læreplan for Kunnskapsløftet (K-06)
2. Plandokument på stat, kommune- og skulenivå
 - a. Stortingsmeldinga «På rett veg»
 - b. Lindås kommune: Strategisk plan, verksemdplan (kommunenivå og skulenivå), årsplan/handlingsplan og kompetanseplan
 - c. Felles kommunale standardar/retningslinjer
 - i. «Forskrift til ordensreglement», «Systematisk arbeid med elevane sitt skulemiljø» (jf. Kap.9a i opplæringslova), «Vurdering for læring», «Opplæring av minoritetsspråklege elevar», «Elevpermisjonar», «Overgang barnehage-skule» og «Overgang barneskule-ungdomsskule»
3. Henting av informasjon
 - a. Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (www.skoleporten.no)
 - b. Brukarundersøkingar
 - c. KiS – Kvalitetsvurdering i skulen – evaluering, refleksjon og oppfølging av undervisningspraksis på skulane
4. Faglege nettverk og møtearenaer (rektormøte, einingsmøte og plangruppesamlingar)
5. Oppfølging og drøfting av tilstand på kvar enkelt skule
 - a. Kvalitetssamtale ein gong pr. skuleår på kvar skule
 - b. Oppfølgingssamtale mellom einingsleiar og rektor eit halvt år etter kvalitetsmøtet
6. Rapportering (budsjettrapportering, årsmelding og tilstandsrapport)

Modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen (KiS):

For endring og utvikling av grunnopplæringa i Lindås kommune vert det lagt vekt på ein prosessorientert strategi. Kunnskapsutvikling og dialog på og mellom alle nivå i organisasjonen skal vere sentralt i arbeidet.

Modellen for "Kvalitetsvurdering i skulen" (KiS) skal nyttast som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetansen i organisasjonen. KiS tek utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som blir planlagt og gjennomført av lærarane og legg grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis. I denne dialogen vert alle ledd i skulen involvert: elevar, foreldre, lærarar, lærarteam, leiing og skuleeigar.

Kvalitetsvurdering i skulen kan illustrerast gjennom denne modellen (Senter for erfaringsdeling 2008):



Modellen si sterke side er at læringa i alle ledd går begge vegar, og at ein gjennom denne metoden kan utvikle ein samanhengande vurderingspraksis på alle nivå i organisasjonen. Modellen tek høgde for både "å telje og fortelje".

Dei årlege kvalitetssamtalane er sentrale i arbeidet med vurdering av kvalitetsutviklinga på skulane i Lindås. Kvalitetssamtalane er eit møte mellom skuleeigar (fagsjef og einingsleiar) og representantar frå skulen (leiing, lærarar, elevråd og FAU). Samtalene er godt førebudd av alle som tek del, i møtet er det gode prosessar og vi legg vekt på eit godt etterarbeid. Kvalitetssamtalane bidreg til gode refleksjonar og drøftingar rundt læringsarbeidet og legg eit godt grunnlag for vidare arbeid med utvikling av læringsmiljø og læringsresultat på skulane og i kommunen. Det vert laga referat frå kvalitetssamtalane som femner om resultat, vurderingar, nye mål og oppfølging (tiltak). Einingsleiar skal ha oppfølgingsamtale med rektor eit halvt år etter kvalitetssamtalen på skulen.